



Nanningsækk | Tarvøtt.

FUGLANE SIN FLYPlass

Kvassheimsbukta er fuglane sin flyplass. Her lander dei om hausten og våren på veg til eller frå overvintringsområde på Kontinentet, Afrika eller andre stader på kloden.



Kvassheimsbukta vart først ein belangrinningsplass for fuglane i 1980-åra. Dei store tarevollane i bukta finn fuglane innest, larvar og egg som gir næringssirkel føre.



Myrsnipa er ein typisk frokktfugl.



Myrsnipa sommerstid.



Vadefjæret er den viktigste staden for myrsnipa.

I tarevollane finn fuglane mat og kvile før neste flygestrekke. Fleire andre fuglar, sjøfuglar og einsklide vadara lever heile vinteren i bukta og i sjøen utanfor.

Myrsnipa er blant våre mest vanlege vadefuglar og er fast gjest i Kvassheimsbukta. Ho hekker både langs kysten og i høgfjellet over store delar av Noreg.

Myrsnipa er også hekkefugl i Rogaland. Dei norske myrsnipene høyrer ikkje til dei fuglane som reiser lengst. Om vintrane oppheld dei seg rundt Nordsjøen og særleg på dei store mudderslettene i Vadehavet mellom Danmark, Tyskland og Nederland.

Kvar synest best om sine barn

Det var ein gong ein skyttar som var ute i skogen; så mette han myrsnipa.

"Kjære vene, skyt ikkje barna mine!" sa myrsnipa.

"Kva er det for nokon som er barna dine då?"

spurde skyttaren.

"Dei vakraste barn som i skogen går, er mine!" svara snipa.

"Eg får vel ikkje skyte dei då," sa skyttaren.

Men då han kom tilbake, hadde han i handa eit heilt knippe myrsniper som han hadde skote.

"Au, også! Korfor skaut du barna mine likevel då!"

sa snipa.

"Var det barna dine dette?" spurde skyttaren -

"Eg skaut dei styggaste eg fann, eg."

"Å ja!" svara snipa, "Véit du ikkje at kvar synest best om sine barn?"

Aabjørnsen og Moe

8

